

VEDLEGG 16 Mal for årsmøteinnkalling

Kjære Palestinavenn!

Vi avholder vårt årsmøte på "skuddårsdagen", mandag 29/2, kl. 18.00, På SV-huset - der hvor Baneheitunellen kommer inn i Kvadraturen (i Festningsgata) - se etter palestinsk flagg eller ring meg - 48881433 - om du er i tvil om veien.

Etter en kort innledning om den aktuelle politiske situasjonen i Palestina starter årsmøtet. Etter årsmøtet vil det være anledning til spørsmål og informasjon om kommende solidaritetsarrangementer - og om evt muligheter for å reise til Palestina - på gruppeturer eller prosjekter med solidaritetsarbeid.

Enkel servering kaffe/te, pitabrød, hummus mm.

Vær ikke redd for å bli "tvangsinvalgt" til styret fordi om du kommer på et årsmøte... Vi har et styre som trives og synes vi lykkes med arbeidet - så alle tar gjenvalg, mens en av oss flytter østover i løpet av året. Der har vi en ny kandidat. Stemmerett har alle betalende medlemmer - vi godtar kontant betaling på møtet...

Du er også velkommen om du ennå ikke har meldt deg inn, men er positiv til palestinernes sak.

Rett nedenfor er forslag til dagsorden og nedenfor det er årsmeldingen limt inn (fordi noen har hatt problem med å lese vedlegg, men de er også vedlagt som egne dokumenter).

Med vennlig hilsen,
Steinar R. Berge, Leder av Palestinakomiteen i Vest-Agder

ÅRSMØTE I PALESTINAKOMITEEN 29.02.2016

Sak 1 Godkjenning av innkalling

Sak 2 Valg av møteleder og referent
Det velges også 2 personer til å skrive under møteprotokollen.

Sak 3 Årsmelding

Godkjenning av årsmelding for 2015

Sak 4 Regnskap

Godkjenning av regnskap for 2015

Sak 5 Valg

Det velges leder, styremedlemmer, varamedlemmer til styret, valgkomité og revisor.

Sak 6 Aktivitetsplan for våren 2016

Sak 7 Valg av delegater til årsmøtet i Oslo 11. - 13.mars

Sak 9 Innkomne forslag

(Eventuelle forslag sendes til Styret ved
leder (Steinar R. Berge innen 20.februar))

Palestinakomiteen i Vest-Agder

Årsmelding for 2015

Aktiviteten vår dette året:

Februar

Laget vårt var svært aktivt i den nasjonale kampanjen «Palestinske barn i israelske fengsler»:

- Me starta ein nasjonal underskriftsaksjon på nett og med lister til bruk på stand og møte. Den sentrale kampanjeleiinga overleverte 3582 underskrifter til den israelske ambassaden.
- Me hadde ein fin og vellukka stand i Markens laurdag 7. februar, og samla underskrifter til aksjonen.
- Me arrangerte eit møte på Arkivet tysdag 10. februar med Salwa Dubais og Gerard Horton frå organisasjonen Military Court Watch i Palestina, med ca 50 frammøtte.

18. februar vart det halde årsmøte med val av nytt styre. Medlemene i det nye styret er: Steinar R. Berge – leiar, Rasha Abdallah- sekretær, Marit Faanes - kasserar, Aslak Fjermedal, Berit Johannessen, Åsmund Mjåland, Karen Snekvik og Tobias Bjerkøen - styremedlemer.

Varamedlemer er Grete Klottrup Larsen, Olaf Ugland og Hamza Albaidaq.

Ove Thygesen held fram som revisor.

Mars

4. mars var det filmkveld på SV-huset med filmen «Thank God It's Friday», som viser livet og haldningane i ein palestinsk landsby og i busettinga som ligg like ved, og konflikten mellom dei.

Palestinakomiteen deltok for første gong i 8. mars-markeringa, med parolen «Støtt palestinske kvinner – nei til apartheid og okkupasjon».

I påska, frå 26. mars til 5. april, var 18 palestinavener frå vårt område på studietur i Palestina. Steinar hadde gjort ein god innsats med å fylla opp alle plassane med våre folk.

- Palestinakomiteen sentralt gav kr. 10.000,- i ungdomsstipend som vart fordelt til 6 ungdomar som var med på turen

- 11. mars var det førebuingsmøte til turen saman med Anna Lund Bjørnsen frå Fellesutvalget for Palestina. Anna var reiseleiar for turen, og Fellesutvalget var arrangør.
- Same dag hadde Anna eit møte med ei gruppe ungdommar.
- Sjølve turen vart svært vellukka. Det var ei god blanding av folk i ulike aldrar, og det var både medlemer og ikkje-medlemer i Palestinakomiteen (då dei reiste).
- Turdeltakarane skreiv ein god og mykje lest blogg. Dei har vore ei viktig kraft i arbeidet i laget etter turen.
- Jorunn Aanensen Kalvik gav eit honorar på kr. 2.500.- som ho fekk for ein artikkel ho skreiv frå palestinaturen, til lokallaget. I samråd med henne gav me pengane vidare til eit kvinnesenter i Silwan i Jerusalem som gruppa besøkte på turen.

April

17. april, den palestinske fangedagen, var det fyrst – saman med den palestinske foreininga - ein godt synleg stand i Markens med ‘fengselsgitter’ og stripsa ‘fangar’. Om kvelden var det filmkveld på SV-huset arrangert av ‘påsketuristane’. Me synte ein film som turgruppa hadde med frå Palestina; «Jerusalem - The East Side Story».

23. april var det møte i Byhallen med Inger Sandberg frå Norsk Folkehjelp. Ho tala om «En brutal kamp om vann og land i Jordandalen». Ingar Evje var òg med, og informerte om ledesarprogrammet til Kirkens Nødhjelp.

Mai

Palestinakomiteen deltok som vanleg i 1.mai toget i Kristiansand med eigne parolar og stor seksjon.

15. mai vart me med den palestinske foreininga og hadde stand på Nakba-dagen.

Juni

Som dei to førre åra inviterte me den palestinske foreininga med på søndagstur til Iveland, til garden til familien Fjordheim/Fjermedal og Bygdemuseet der. I år var det den 14. juni, og det var ca. 60 som var med.

17. juni arrangerte me stand i Markens for kravet om at regjeringa skulle anerkjenna Palestina som stat.

Juli

8. juli var det stand i Markens som markerte eittårsdagen for bombinga av Gaza, og kravde at gjenoppbygginga må starta.

August

10. og 11. august delte nokre av medlemene våre ut materiell på UIA i samband med studiestart.

Palestinakomiteen deltok også med praktisk hjelp til «Godtfolk glemmer ikke Gaza»- arrangementet den 13.august på Aladdin. Åsmund var aktivt med i arrangementsgruppa.

Oktober

Møte med Ingar Evje på SV-huset 14. oktober: «Palestina: Lammet er bundet på føttene, men det vil ikke ligge stille». Han fortalte svært interessant frå tida som ledsagar i KN-programmet.

Lokallaget gav reisestøtte (maks kr 600,-) til 7 deltakarar på ungdomskonferansen som Palestinakomiteen skipa til i Oslo 23. – 25. oktober. Det var eit krav at dei var (eller vart) medlemer i Palestinakomiteen. Det var veldig positivt med so mange frå vårt distrikt.

November

5. november hadde 'påsketuristane' eit program frå turen, «Frie vitnesbyrd frå Palestina», i Byhallen. Godt oppmøte med ca. 40 i salen.

11. november arrangerte me bokbad med Odd Karsten Tveit, som nyleg hadde gjeve ut boka «De skyldige». Fredrik Wanderup var samtalepartnar, og fagforbundet var medarrangør. Det var stinn brakke på Østsia med ca. 180 interesserte tilhøyrarar. Det vart sold heile 56 eksemplar av boka.

Desember.

Som i fjar sende me julekort til alle medlemene i Vest-Agder, med litt info om laget og påminning om kontingensten.

Andre aktivitetar

Palestinakomiteen har også i 2015 hatt stor aktivitet på facebooksida, «Palestinakomiteen i Vest-Agder». Det har også vore ein stor produksjon av flygeblad, plakatar og standmateriell.

Det har vore 7 styremøte i 2015. Fleire av styremedlemene har skrive innlegg og deltatt i avisdebattar. Åsmund har vore god til å få intervju på Radio Sør, og har vore der tre gonger, siste gongen med Odd Karsten Tveit.

Aslak er landsstyrerepresentant for Vest-Agder, og har møtt på dei to LS-møta i 2015.

I 2014 auka medlemstalet vårt mykje. I 2015 har me klart å halda fram auken, slik at me no har 158 medlemer. (Mot 148 i -14 og 92 i -13.)

Styret er godt fornøgd med aktiviteten i 2015, og ser fram mot eit nytt aktivt år.
